Brønnøysundregistrene

# ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2022 - GENERELL INFORMASJON

**Enheten**

| | |
|---|---|
| Organisasjonsnummer: | 925 803 375 |
| Organisasjonsform: | Aksjeselskap |
| Foretaksnavn: | TELEMARK NETT AS |
| Forretningsadresse: | Høydalsmovegen 815<br>3891 HØYDALSMO |

**Regnskapsår**

| | |
|---|---|
| Årsregnskapets periode: | 01.01.2022 - 31.12.2022 |

**Konsern**

| | |
|---|---|
| Morselskap i konsern: | Nei |

**Regnskapsregler**

| | |
|---|---|
| Regler for små foretak benyttet: | Nei |
| Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: | Regnskapslovens alminnelige regler |

**Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ**

| | |
|---|---|
| Bekreftet av representant for selskapet: | Stine Hille |
| Dato for fastsettelse av årsregnskapet: | 08.05.2023 |

**Grunnlag for avgivelse**

År 2022: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2021: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2022

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 12.07.2024

# Resultatregnskap

| Beløp i: NOK | Note | 2022 | 2021 |
|---|---|---|---|
| **RESULTATREGNSKAP** | | | |
| **Inntekter** | | | |
| Salgsinntekt | 1,2,3 | 204 326 000 | 132 621 000 |
| Annen driftsinntekt | 1,2 | 5 424 000 | 5 683 000 |
| **Sum inntekter** | | **209 750 000** | **138 304 000** |
| **Kostnader** | | | |
| Varekostnad | | 14 280 000 | 5 581 000 |
| Lønnskostnad | 4 | 29 879 000 | 31 897 000 |
| Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler | 8 | 17 302 000 | 16 405 000 |
| Annen driftskostnad | 5 | 81 450 000 | 84 249 000 |
| **Sum kostnader** | | **142 911 000** | **138 132 000** |
| **Driftsresultat** | | **66 839 000** | **172 000** |
| **Finansinntekter og finanskostnader** | | | |
| Annen finansinntekt | | 411 000 | 198 000 |
| **Sum finansinntekter** | | **411 000** | **198 000** |
| Annen finanskostnad | | 7 502 000 | 2 382 000 |
| **Sum finanskostnader** | | **7 502 000** | **2 382 000** |
| **Netto finans** | | **-7 091 000** | **-2 184 000** |
| **Ordinært resultat før skattekostnad** | | **59 748 000** | **-2 012 000** |
| Skattekostnad på ordinært resultat | 6 | 13 143 000 | -443 000 |
| **Ordinært resultat etter skattekostnad** | | **46 605 000** | **-1 569 000** |
| **Årsresultat** | | **46 605 000** | **-1 569 000** |
| **Overføringer og disponeringer** | | | |
| Konsernbidrag | | 31 800 000 | 0 |
| Overføringer til/fra annen egenkapital | | 14 804 000 | -1 570 000 |
| **Sum overføringer og disponeringer** | | **46 604 000** | **-1 570 000** |

# Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2022 | 2021 |
|---|---|---|---|
| **BALANSE - EIENDELER** | | | |
| **Anleggsmidler** | | | |
| **Immaterielle eiendeler** | | | |
| Konsesjoner, patenter, lisenser, varemerker og lignende rettigheter | 7 | 56 000 | 40 000 |
| **Sum immaterielle eiendeler** | | **56 000** | **40 000** |
| **Varige driftsmidler** | | | |
| Tomter, bygninger og annen fast eiendom | 8 | 10 779 000 | 11 148 000 |
| Maskiner og anlegg | 8 | 533 050 000 | 500 912 000 |
| Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner og lignende | 8 | 3 426 000 | 2 008 000 |
| **Sum varige driftsmidler** | | **547 255 000** | **514 068 000** |
| **Sum anleggsmidler** | | **547 311 000** | **514 108 000** |
| **Omløpsmidler** | | | |
| **Varer** | | | |
| Varer | | 22 514 000 | 20 753 000 |
| **Sum varer** | | **22 514 000** | **20 753 000** |
| **Fordringer** | | | |
| Kundefordringer | 15 | 54 727 000 | 55 476 000 |
| Andre fordringer | 3,9,15 | 33 964 000 | 48 150 000 |
| **Sum fordringer** | | **88 691 000** | **103 626 000** |
| **Bankinnskudd, kontanter og lignende** | | | |
| Bankinnskudd, kontanter og lignende | 10 | 46 148 000 | 268 000 |
| **Sum bankinnskudd, kontanter og lignende** | | **46 148 000** | **268 000** |
| **Sum omløpsmidler** | | **157 353 000** | **124 647 000** |
| **SUM EIENDELER** | | **704 664 000** | **638 755 000** |

**BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD**

# Balanse

| Beløp i: NOK | Note | 2022 | 2021 |
|---|---|---|---|
| **Egenkapital** | | | |
| **Innskutt egenkapital** | | | |
| Selskapskapital | 11 | 63 894 000 | 63 894 000 |
| Annen innskutt egenkapital | 11 | 279 441 000 | 264 637 000 |
| **Sum innskutt egenkapital** | | **343 335 000** | **328 531 000** |
| | | | |
| **Sum egenkapital** | | **343 335 000** | **328 531 000** |
| | | | |
| **Gjeld** | | | |
| **Langsiktig gjeld** | | | |
| Utsatt skatt | 6 | 34 513 000 | 21 370 000 |
| **Sum avsetninger for forpliktelser** | | **34 513 000** | **21 370 000** |
| **Annen langsiktig gjeld** | | | |
| Obligasjonslån | 12 | 901 000 | 901 000 |
| Gjeld til kredittinstitusjoner | 12 | 150 000 000 | 150 000 000 |
| **Sum annen langsiktig gjeld** | | **150 901 000** | **150 901 000** |
| | | | |
| **Sum langsiktig gjeld** | | **185 414 000** | **172 271 000** |
| | | | |
| **Kortsiktig gjeld** | | | |
| Skyldige offentlige avgifter | 13 | 10 453 000 | 1 062 000 |
| Kortsiktig konserngjeld | 13 | 90 500 000 | 78 115 000 |
| Annen kortsiktig gjeld | 13 | 74 963 000 | 58 776 000 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **175 916 000** | **137 953 000** |
| | | | |
| **Sum gjeld** | | **361 330 000** | **310 224 000** |
| | | | |
| **SUM EGENKAPITAL OG GJELD** | | **704 665 000** | **638 755 000** |

Telemark Nett

# Årsmelding

for året 2022

2. driftsår



# STYRETS ÅRSMELDING 2022

## HISTORISK OVERSYN

Vest-Telemark Kraftlag Nett AS blei stifta 1. oktober. 2020 gjennom ein fisjon frå Vest-Telemark Kraftlag AS. I 2022 skiftet selskapet namn til Telemark Nett AS. Året 2022 er selskapets andre driftsår som eiget selskap.

## EIGARSKAP, ORGANISERING OG FØREMÅL

Telemark Nett AS er eit heileigd dotterselskap av Vest-Telemark Kraftlag Holding AS. Aksjekapitalen er på 27,93 mill.kr per 31.12.22. Selskapet er organisert med forretningskontor i Høydalsmo i Tokke kommune og ei avdeling i Treungen i Nissedal kommune, og har 42 tilsette.

Føremålet med selskapet er å bygge og drive anlegg for kraftoverføring på bakgrunn av konsesjonar gjeve av NVE og i samsvar med dei omfattande lovar og forskrifter som gjeld innom dette området.

## *GENERELT OM ÅRET 2022*

### Samandrag

Nettverksemda hadde eit år med svært lite feil og høgaste leveringsregularitet nokon gong. Mange km med gamle luftlinjer blei ombygd til jordkabel eller isolert luftkabel. Godt økonomisk resultat som fylgje av lågt nettap og høg inntektsramme.
Selskapets resultat: 60 mill.kr før skatt er det beste nokon gong. Etter skatt 47 mill.kr..

Telemark Nett AS (TN) er det nye namnet på VTK-konsernets nettselskap. Endringa er ein konsekvens av forskriftskrav. TN sitt konsesjonsområde dekker eigarkommunane med unntak av Fjågesund i Kviteseid, Felle i Nissedal og Rauland i Vinje. Området utgjer omlag 40% av Telemark fylkes areal.
TN har **nettverksemd** (regionalnett og distribusjonsnett), **sal av kraft på leveringsplikt** og **arbeid for andre** som sine aktivitetsområde. Selskapet har 42 tilsette og kjøper i tillegg tenester frå morselskapet, frå VTK AS og eksternt. Det er bare nettverksemda som gjev særleg bidrag til resultatet. Selskapet fekk i 2022 eit driftsresultat på 67,4 mill.kr (0,2) og eit **resultat før skatt 59,7 mill.kr**. Årsaken til det gode resultatet er sterk auke i «tillatt inntekt» pga høgare avkastningsrente på nettkapitalen (15 mill.kr) lågare KILE-kostnader (13 mill.kr). Energitapet er redusert med 9 GWh, noko som aleine utgjer ca 20 mill.kr. I tillegg mindre utgifter til feilretting og reperasjonar.

### Nettverksemda

Etter to år med svært krevjande utfordringar i høve til vær, blei 2022 det stikk motsette. Vi fekk eit år med lite feil og med tid til å gjennomføre planlagt arbeid. Har aldri før hatt så lite feil; - målt som ILE (ikkje levert energi).

**(Re)investeringar**
Investeringane i nettanlegg var på 73,9 mill.kr (64,4). Av dette var 60% reinvesteringar, dvs ombyggingar og fornyingar av gamle anlegg utan at nettets utsrekning endrar seg. Det blei henta inn 26,9 mill.kr (15,5) i anleggstilskot, slik at netto aktiverte investeringar i nettet er 47,0 mill.kr (49), ein reduksjon på 2 mill.kr i høve til 2021. Lista under viser dei største prosjekta i 2022:

- Regionalnett, ny spole i Einangsmoen trafostasjon, Fyresdal
- Regionalnett, fornying av flymarkørar, Kviteseid og Tokke
- Regionalnett, fornying av avrekningsmålarar
- 22 kV, fornying Hauggrend-Einangsmoen, Fyresdal
- 22 kV, fornying Treungen-Nissedal, Nissedal
- 22 kv, fornying Gausbu-Borsæ, Tokke
- 22 kV, ny Felehovet Hyttefelt, Nissedal
- 22 kV, ny Øverlandsheia Hyttefelt, Nissedal
- 22 kV, forsterking Einangsmoen-Molandsmoen, Fyresdal
- 22 kV, ny sjøkabel til Fjone kraftverk, Nissedal
- 22 kV, ny samanknyting Mostøyl-Dalane, Tokke og Kviteseid
- 22 kV, ny Seljord Næringpark, Seljord

I hovudsak er fornyingstiltaka å erstatte gamalt luftanlegg med jordkabel.







<u>Talet på forbrukskundar</u> var 15334 ved utgangen av året, som er ein auka på 220 (1,5%). Nye hyttekundar stod for 70% av veksten. Begge tala er om lag som i 2021.
Forbruket hjå nettkundane var 239,1 GWh (268,5), som er ein nedgang på 11% . Vi må heilt tilbake til 2007 for finne tilsvarende lågt forbruk. Reduksjonen skuldast mellom anna mild vinter, høg kraftpris og generell prisauke. Korrigert for datasenter i Fyresdal (ca 6 GWh) ville nedgangen vore om lag 13%. Næringsliv og hytter er dei kundegruppene som blei sterkast råka av den dramatiske auken i kraftprisen ut over året 2022. Den statlege refusjonsordninga dempa kraftprisen for hushald og andre som fekk refusjon frå Staten.







<u>Innmatingskundar</u>
Telemark Nett har 41 ordinære kraftverk tilkopla nettet, 2 av desse er i regionalnettet og 39 i distribusjonsnettet. Installert effekt er høvesvis 37 MW og 64 MW. Det er også 112 kundar med eigenproduksjon < 100 kW tilkopla nettet. Desse blir kalla «plusskundar» og blir tariffert etter eit eige og gunstig regelverk. Betalar bare nettleige for netto forbruk og ingen nettleige for innlevering av overskotskraft. Plusskundane leverte i 2022 264.000 kWh inn på nettet.

3







**Nettleiga** blei lagt om frå 1.7. som fylgje av forskriftskrav. Alle kundar betaler nå ei nettleige der summen av fastbeløp og effektledd utgjer minst 50%. Effektleddet (kapasitetsleddet) er nytt og målet er at dette skal motivere til mest mogeleg jamt forbruk. Det gjev lågast nettleige for kunden og kan sparer nettselskapet for unødvendige forsterkingar. Betalt nettleige for forbrukskundar var i snitt 52,8 øre/kWh (ekskl avgifter). Auken skuldast 11% reduksjon i forbruket og dermed færre kWh-ar å fordele tildelt inntektsramma på. Statnett dekte, ved hjelp av flaskehalsinntekter, alle kostnader til nettap utover 35 øre/kWh. Utan denne løysinga ville nettleiga ha blitt 23 øre/kWh høgare.







**Nettleige mot overliggande nett**

Etter at kablane til Tyskland og England kom i drift i 2021 snudde forteiknet for marginaltaps-% i Sentralnettspunkt i utkant-Norge. Dette førte til at forbruk i Vest-Telemark gjekk frå å få utbetalt energiledd til å måtte betale energiledd. For produsentane i Vest-Telemark blei det motsatt; - i tillegg til stigande spotprisar fekk dei også betalt av Statnett for å levere inn kraft på nettet. I tillegg auka det totale tapet i kraftsystemet; - pga store volum over lange avstandar, noko som forsterka problemet. Siste veka i august var marginaltapet-% i vårt område 10% og spotprisen 460 øre/kWh, noko som gav eit energiledd å betale for uttak på 46 øre/kWh (Energiledd=MT% *spotpris). Dette kunne ikkje halde fram utan dramatiske konsekvensar for nettselskap og deira kundar. Statnett sette difor frå 1. september alle marginaltaps-% -ar til null. Dette var heilt nødvendig men fall ikkje i god jord i NVE/RME. Kompromisset blei 0 i energiledd i september og oktober og deretter tilbake til tariffering, men med spotpris lik 35 øre/kWh.

4







**Tankekors**
Begge tiltaka over krevde at Statnett hadde økonomisk handlerom til dette. Det fekk dei denne gongen gjennom store meirinntekter, primært frå flaskehalsinntekter. Dette må kallast flaks; - fordi det er ikkje slik at høge spotprisar nødvendigvis gjev flaskehalsinntekter; - ein må i tillegg ha store prisskilnader på kvar side. Ved stadig forsterking av nettet i åra framover vil skilnaden bli mindre og Statnett sine meirinntekter vil bli lågare. Då er det ikkje sikkert at nettselskapa får hjelp til tapskostnader og energiledd. I så fall fell kostnadene automatisk tilbake på nettkundane viss ikkje Staten stiller opp med eigne midlar. Det er eit tankekors at Norge har etablert eit system som kan få slike ekstreme utslag for nettkundane.

**Meir/Mindre - Inntekt (MMI)**
VTK hadde ved inngangen til 2022 teke inn for mykje nettleige og hadde difor 11 mill.kr i gjeld til nettkundane. I 2022 tok ein inn 13 mill.kr for lite og har pr 31.12. difor 2 mill.kr til gode (mindreinntektssaldo).

**Driftsresultatet** for nettselskapet blei historisk høgt med ein auke frå 0 i 2021 til 67 mill.kr i 2022. I høve til nettkapitalens storleik og referanserenta, så ville 37 mill.kr (495 mill.kr * 7,47%) vera å forvente ved 100% effektivitetsnivå. TN sitt nivå i 2022 (basert på 2020 som var eit år med ekstreme KILE-kostnader) var bare 96%, det betyr at normalt driftsresultat ville ha vore om lag 30 mill.kr. Dei resterande 37 mill.kr er henta inn ved reduserte kostnader til nettap (volunedgang), KILE og drift generelt (lite feil og høg aktiveringsgrad).

| | |
|---|---|
| Nettleige (tillatt inntekt) | 190 mill.kr |
| Overføringskostnader og nettap | 37 mill.kr |
| Driftskostnader | 69 mill.kr |
| **EBITDA** | **84 mill.kr** |
| Avskrivingar | 17 mill.kr |
| **Driftsresultat (EBIT)** | **67 mill.kr** |

## Sal av kraft på leveringsplikt
Kundar som ikkje syter for å skaffe seg ein kraftleverandør havnar automatisk som kraftkunde i nettselskapet. Volumet er om lag 7 GWh (3%) og prisen er Spot + 3 øre/kWh + mva. Påslaget dekker kostnadene og driftsresultatet er null.

| | |
|---|---|
| Kraftsalg | 14,4 mill.kr |
| Kraftkjøp | 14,1 mill.kr |
| Driftskostnader | 0,3 mill.kr |
| **Driftsresultat (EBIT)** | **0,0 mill.kr** |

## Arbeid for andre m.m.
TN er bemanna i høve til dei krav ein god beredskap krev. I periodar gjev dette overskotskapasitet som blir leigd ut til konsernets fiberaktivitet og til andre. Inntekter frå fellesføring og utleige av byggestraumskasser blir også ført på dette aktivitetsområdet.

| | |
|---|---|
| Arbeid for andre | 4,2 mill.kr |
| Andre inntekter | 0,7 mill.kr |
| Driftskostnader | 4,5 mill.kr |
| **Driftsresultat (EBIT)** | **0,4 mill.kr** |

5

## Finansielle forhold

**(Re)Investeringar**
Det er i året investert for 87 mill.kr (64). Av dette er 36 mill.kr (15) finansiert av kundar og andre. Netto investeringar i året blir då 51 mill.kr (49), jfr. note 8.

Bare investeringar som er teke i bruk (spenningssett) er aktivert, resten er ført som anlegg under bygging.

**Totalkapitalen** aukar med 66 mill.kr (10,3%) til 705 mill.kr. Årsaken er netto tilgang på anleggsmidlar (33 mill.kr) og auke i omløpsmidlar (33 mill.kr). Det siste skuldast primært auke i bankinnskot. Jfr note 10.

**Langsiktig gjeld** er 151 mill.kr, tilsvarende som året før. Kortsiktig gjeld aukar med 51 mill.kr til 158 mill.kr i hovudsak som fylgje av avgitt konsernbidrag og auka konsernintern gjeld. Sjå note 13.

**Netto gjeld** (all gjeld minus omløpsmidlar) er ved årsskiftet 204 mill.kr, mot 186 mill.kr året før.

**Eigenkapitalen** er ved utgangen av året 503 mill.kr, ein auke på 66 mill.kr. Dette utgjer 41,6 % av totalkapitalen, som er ein nedgang 2,5 %-poeng.

## VIDARE DRIFT

I samsvar med rekneskapsloven § 3-3 stadfestast det at føresetnaden om vidare drift er til stades, og årsrekneskapen for 2022 er sett opp under denne føresetnaden. Til grunn for stadfestinga ligg resultatprognoser for 2023 og framover, samt selskapets økonomiske og finansielle stilling.

## DISPONERING AV ÅRSRESULTATET

Styret foreslår følgjande disponering av årsresultatet i Vest-Telemark Kraftlag Nett AS:

| | | |
|---|---|---|
| Overført til annen eigenkapital | tkr | 14 804 ,- |
| Avsett til konsernbidrag | tkr | 31 800 ,- |
| Sum disponert | tkr | 46 604 ,- |

## TILSETTE

Telemark Nett hadde ved utgangen av året 42 tilsette (42 årsverk). Dette er om lag som året før. I tillegg kjem lærlingar og sommarvikarar.

## LIKESTILLING

Konsernstyret har 6 eigarvalde medlemer som er fordelt likt på kvart kjønn.
Av dei 56 årsverka totalt blei 9,5 utført av kvinner (10 personar). Kvinnene er tilsett i kontor- og reinhaldsfunksjonar, men vi har også ei kvinne innom elektrofaget (i kraftverk).
VTK har ingen vedteken strategi for å auke talet på kvinner utover det som fylgjer av lov og det generelle avtaleverket innafor Samfunnsbedriftene sitt virkeområde.

## HMS OG BEREDSKAP

Internkontroll i samsvar med forskrifter er i drift. Arbeidsuhell, farlege tilhøve og andre HMS-avvik blir registrert og fylgd opp. I 2022 hadde me 1 arbeidsuhell med fråvær. Alle avvik blir analysert og tiltaksvurdert. Totalt sjukefråvær i VTK var **4,1%** mot 4,5% i 2021, herav 1,4% (0,5%) eigenmeldt. Gjennomsnittet siste 10 år er 3,6 %. VTK er tilknytta bedriftshelsetenesten Bedriftshelsen AS.
Risiko og sårbarhet (ROS) for VTK si totale verksemd er analysert og tiltaksvurdert. Beredskapsplan og internkontroll er ein del av dette. VTK sine beredskapsressursar baserer seg i stor grad på eigne fast tilsette, men vi har også viktige samarbeidspartnarar eksternt; - helikopter, tungtransport, skogryddarar, grossistar og andre nettselskap.
Det blei ikkje sett raud beredskap i 2022.
Utgreiing etter åpenhetsloven publiserast på VTK sin heimeside innan 30.juni 2023.
**Koronasituasjonen:** VTK sette beredskap 12.mars 2020 og gjennomførte dei tiltak som blei tilrådd frå sentralt hald, men vi har i liten grad nytta heimekontor. I 2022 hadde vi ein god del influensa, både Korona og anna.

# YTRE MILJØ

VTK produsereri eit normalår 260 GWh fornybar straum i vasskraftverk og bidreg til reduksjon av fossil kraftproduksjon i det Nord-Europeiske kraftsystemet. Våre kraftverk påverkar ikkje det ytre miljø i særleg grad utover det som var kjent ved konsesjonshandsaminga.
Nettaktiviteten påverkar naturmiljøet gjennom arealbruk til linje- og kabeltrasear. Våre arbeidsbilar og lastebilar går på diesel og har dermed eit visst $CO_2$-utslepp. Sidan det er avgjerande at vi er fullt ut mobile i alle situasjonar der straumforsyninga er råka av feil, er det førebels ikkje aktuelt å vurdere elektrisk drift av våre transportmiddel.

# STRATEGI OG FRAMTIDSUTSIKTER

Nettverksemda har som mål å halde seg på ein effektivitetsscore på gjennomsnitt (100%) eller betre. Har pga høge KILE-kostnader ikkje nådd målet dei siste 2 åra, men planlegg for at vi skal koma opp dit att. Dette for å oppnå ei avkastning på nettkapitalen som sikrar finansiering av nødvendige (re)investeringar. Mykje av dagens høgspentnett blei bygd ut på 50- og 60-talet. Desse anlegga er systematisk vurdert og rangert som grunnlag for årlege fornyingsplanar. VTK vil også i 2023 ha store store reinvesteringar i nettet, men på sikt noko fallande.
For å redusere KILE-kostnadane, og dermed auke leverings-kvaliteten, vil også vidare utbygging av overvakings- og fjernstyringssystem framleis vera eit prioritert område saman med skogrydding. Selskapet vedtok i 2022 å halde fram med eigen driftssentral for å sikre god beredskap og atraktive arbeidsplassar.
Interessa for å bli plusskunde er aukande og selskapet koplar opp desse i samsvar med gjeldande retningsliner. Plusskundar kan utløyse store investeringsbehov i nettet, noko som i etter gjeldande regelverk ikkje skal betalast av kunden, men av fellesskapet.

Statnett har lufta planer om å redusere den rabatten som uttak i produksjonspunkt i dag har (den såkalla K-faktoren). Dette tyder i praksis å flytte kostnader «frå by til utkant». Dette vil i tilfelle slå svært negativt ut for Telemark Nett og kan gje ein kostnadsauke på inntil 15 mill.kr; - dvs 10-15% på nettleiga. Det er viktig å fylgje opp denne saka politisk.

TN har relativt høg nettleige, men har likevel over tid ofte blitt målt til å vera mellom dei 20-30 mest effektive nettselskapa i landet. Den største utfordringa for TN er låg forbruksvekst. Dette set store krav til å ha kontroll på kostnadssida for å unngå stor prisauke og fall i effektivitet. Effektivisering gjennom å utnytte den teknologien som er investert i gjennom AMS og NSO (nettstasjonsovervaking) er avgjerande for å kunne halde fram som sjølvstendig nettselskap.
TN har lagt til rette for etablering av nye næringar i Fyresdal og i Tokke. Har også i fleire år jobba med løysingar for nettilknyting av datasenter i Vinje. Denne aktiviteten skjer innom regelverket for anleggsfinasiering og kapasitetprioritering.






Høydalsmo 31.desember 2022 / 8.mai 2023

| | |
|---|---|
| *Erik Skjervagen (leiar)* | *Sign.* |
| *Baiba Sheine (nestleiar)* | *Sign.* |
| *Runa Vee Tveit* | *Sign.* |
| *Jarle Solbu* | *Sign.* |
| *Gunnar Snarteland (dagleg leiar)* | *Sign.* |

# RESULTATREKNESKAP

TELEMARK NETT AS

| (Alle tal i heile 1000 kr) | Note | 2022 | 2021 |
|---|---|---|---|
| Kraftsal | 1 | 14 366 | 5 711 |
| Nettinntekter | 1,2,3 | 189 960 | 126 910 |
| Andre driftsinntekter | 1,2 | 5 424 | 5 683 |
| **Driftsinntekter** | | **209 750** | **138 303** |
| Nettap | 1 | 41 689 | 25 224 |
| Overføringskostnader | | -4 096 | 14 807 |
| Kraftkjøp og anna varekjøp | | 14 280 | 5 581 |
| Personalkostnader | 4 | 29 879 | 31 897 |
| Avskrivingar | 8 | 17 302 | 16 405 |
| Andre driftskostnader | 5 | 43 857 | 44 218 |
| **Driftskostnader** | | **142 911** | **138 133** |
| **Driftsresultat** | | **66 838** | **170** |
| Finansinntekter | | 411 | 198 |
| Finanskostnader | | 7 502 | 2 382 |
| **Netto finanskostnader** | | **7 091** | **2 184** |
| **Resultat før skatt** | | **59 747** | **-2 013** |
| Skattekostnad | 6 | 13 143 | -443 |
| **ÅRSRESULTAT** | | **46 604** | **-1 570** |
| Overført til fri eigenkapital | | 14 804 | -1 570 |
| Avsett til konsernbidrag | | 31 800 | 0 |
| **SUM DISPONERINGAR** | 11 | **46 604** | **-1 570** |

# BALANSE

TELEMARK NETT AS

| (Alle tal i heile 1000 kr) | Note | 31.12.2022 | 31.12.2021 |
|---|---|---|---|
| **EIGENDELAR** | | | |
| Immaterielle eigendelar | 7 | 56 | 40 |
| Varige driftsmidlar | 8 | 547 255 | 514 069 |
| **Sum anleggsmidlar** | | **547 311** | **514 109** |
| Varelager | | 22 514 | 20 753 |
| Kundefordringar | 15 | 54 727 | 55 476 |
| Andre kortsiktige krav | 3, 9, 15 | 33 964 | 48 150 |
| Pengemidlar | 10 | 46 148 | 268 |
| **Sum omløpsmidlar** | | **157 353** | **124 647** |
| **SUM EIGENDELAR** | | **704 665** | **638 756** |
| **EIGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| Innskoten eigenkapital | 11 | 63 894 | 63 894 |
| Opptent eigenkapital | 11 | 279 441 | 264 637 |
| **Sum eigenkapital** | | **343 335** | **328 531** |
| Utsett skatt | 6 | 34 513 | 21 370 |
| Langsiktig gjeld | 12 | 150 901 | 150 901 |
| Leverandørgjeld | 15 | 18 392 | 31 081 |
| Kortsiktig gjeld | 3,13,15 | 157 524 | 106 872 |
| **Sum gjeld** | | **361 330** | **310 225** |
| **SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** | | **704 665** | **638 756** |

*Høydalsmo, 08. mai 2023*

*Erik Skjervagen*
*(leiar)*

*Baiba Sheine*
*(nestleiar)*

*Runa Vee Tveit*

Jarle Solbu

*Gunnar Snarteland*
*(dagleg leiar)*

# KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

**Indirekte modell**

| | | TELEMARK NETT AS | |
|---|---|---|---|
| | **Noter** | **2022** | **2021** |
| **Kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar** | | | |
| Resultat før skattekostnad | | 59 747 | -2 025 |
| Betalt skatt i perioden | | 0 | 0 |
| Gevinst/tap ved sal av anleggsmidlar | 8 | -32 | 790 |
| Ordinære avskrivningar | 8 | 17 302 | 16 405 |
| Nedskriving anleggsmidlar | | 0 | 0 |
| Endring i varelager | | -1 761 | -20 753 |
| Endring i kundefordringar | | 14 746 | -103 626 |
| Endring i leverandørgjeld | | -12 690 | 31 081 |
| Endring i forskjell mellom kostnadsført pensjon og inn-/utbetalingar i pensjonsordningar | | 0 | 0 |
| Effekt av valutakursendringar | | 0 | 0 |
| Endring i andre tidsavgrensningspostar | | 0 | 14 819 |
| **Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar** | | **77 313** | **-63 309** |
| | | | |
| **Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar** | | | |
| Innbetalingar ved sal av varige driftsmidlar | | 232 | 0 |
| Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmidlar | 8 | -50 689 | -531 303 |
| Innbetalingar ved sal av aksjar og andelar i andre føretak | | 0 | 0 |
| Utbetalingar ved kjøp av aksjar og andelar i andre føretak | | 0 | 0 |
| Innbetalingar ved sal av andre investeringar | | 0 | 0 |
| Utbetalingar ved kjøp av andre investeringar | | -16 | 0 |
| **Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar** | | **-50 473** | **-531 303** |
| | | | |
| **Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar** | | | |
| Innbetalingar ved opptak av ny langsiktig gjeld | 12 | 0 | 150 901 |
| Innbetalingar ved opptak av ny kortsiktig gjeld | 13 | 50 840 | 106 872 |
| Utbetalingar ved nedbetaling av langsiktig gjeld | | 0 | 0 |
| Utbetalingar ved nedbetaling av kortsiktig gjeld | | 0 | 0 |
| Netto endring i kassakreditt | | 0 | 0 |
| Innbetalingar av eigenkapital | 11 | 0 | 305 307 |
| Tilbakebetalingar av eigenkapital | | 0 | 0 |
| Utbetalingar av utbytte | | 0 | 0 |
| Innbetalingar av konsernbidrag | 11 | 0 | 31 800 |
| Utbetalingar av konsernbidrag | | -31 800 | 0 |
| **Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar** | | **19 040** | **594 880** |
| Effekt av valutakursendringar på kontantar og kontantekvivalentar | | | |
| | | | |
| **Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar** | | **45 880** | **268** |
| | | | |
| **Behaldning av kontantar og kontantekvivalentar pr. 01.01.** | | **268** | 0 |
| **Behaldning av kontantar og kontantekvivalentar pr. 31.12.** | | **46 148** | **268** |

© Copyright: Sticos AS

Utskrift fra Sticos Oppslag

# REKNESKAPSPRINSIPP

**Rekneskapsprinsipp**
Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk.
Selskapet har ikkje foreteke endring i rekneskapsprinsipp i rekneskapsåret.

**Driftsinntekter**
Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester vert inntektsført etter kvart som dei vert levert.

**Klassifisering**
Eigendelar som er bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel.
Øvrige eigendelar er klassifisert som omløpsmiddel.
Gjeld som forfell seinare enn eit år etter balansedagen er oppført som langsiktig gjeld.
Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er uansett klassifisert som omløpsmidlar.

Anleggsmidlar vert vurdert til anskaffelseskost, men blir nedskrive til verkeleg verdi når verdifallet er forventa og ikkje vera forbigåande.
Langsiktig gjeld vert  balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av anskaffelseskost og verkeleg verdi, og nedskrive ved varig verdifall.

**Aksjar**
Aksjar i andre selskap er vurdert til å vera anleggsmidlar og vert ført til anskaffelseskost og nedskrive til verkeleg verdi ved varig verdifall.

**Fordringar**
Kortsiktige fordringar vert ført opp i balansen til pålydande etter frådrag for forventa tap.

**Varelager**
Varelageret er verdsett til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Ein del av varelageret (kr 3,5 mill) er rekna som beredskapslager og oppført som anleggsmiddel under nettanlegg.

**Gjeld**
Gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

**Skattar**
Selskapet er underlagt dei særskilde reglane for skattlegging av kraftverk.
Skattar vert kostnadsført når dei påløper, det vil seie at skattekostnaden er knytt til det rekneskapsmessige resultatet før skatt.
Skattekostnaden består av betalbar skatt (skatt på årets skattepliktige inntekt), naturressursskatt, grunnrenteskatt og endringar i netto utsett skatt. Utsett skatt og utsett skattefordel er presentert netto i balansen.

**Leasing**
Avtalane gjeld operasjonell leasing, og leigebetalingane vert ført som driftskostnader fordela systematisk over leigeperioden.

**Prinsipp for kontantstraumoppstilling**
Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Ein tek då utgangspunkt i føretaket sitt resultat før skatt og viser kontantstraumar frå ordinær drift, investeringsverksemda og finansieringsverksemda.

**Pensjonar**
VTK har eiga pensjonskasse. Ordninga omfattar alle tilsette i VTK, Skafså Kraftverk ANS og Telefiber AS.
Storleiken på framtidige ytingar er avhengig av talet på oppteningsår, lønsnivå ved pensjonsalder og storleiken på ytingar frå folketrygda.

# NOTER TIL ÅRSREKNESKAP 2022

## Note 1 Segmentinformasjon

| 2022 | Kraft- | Nettverksemd | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Forretningsområd** | **omsetning** | *R-nett* | *D-nett* | **Sum nett** | **Anna** | **Avstemming** | **Sum** |
| Netto driftsinntekter | 14 366 | *-1 729* | *192 251* | 190 522 | 4 862 | | 209 750 |
| Nettap | 0 | *9 424* | *32 265* | 41 689 | 0 | | 41 689 |
| Kraftkjøp/varekjøp | 14 125 | *10* | *31* | 41 | 114 | | 14 280 |
| Kjøp av overføringstenester | 0 | *-1 497* | *-2 598* | -4 096 | 0 | | -4 096 |
| Personalkostnader | 0 | *1 774* | *24 852* | 26 626 | 3 253 | | 29 879 |
| Avskrivingar | 0 | *2 402* | *14 900* | 17 302 | 0 | | 17 302 |
| Andre driftskostnader | 257 | *4 752* | *33 458* | 38 209 | 1 050 | | 39 516 |
| Eigedomskatt | 0 | *742* | *3 598* | 4 341 | 0 | | 4 341 |
| Sum driftskostnader | 14 381 | *17 607* | *106 506* | 124 113 | 4 417 | | 142 911 |
| Driftsresultat | -16 | *-19 336* | *85 745* | 66 409 | 445 | | 66 838 |
| Avkastningsgrunnlag | | *74 614* | *446 770* | | | | |
| Avkastning i % | | *-25,91 %* | *19,19 %* | | | | |

| 2021 | Kraft- | Nettverksemd | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Forretningsområd** | **omsetning** | *R-nett* | *D-nett* | **Sum nett** | **Anna** | **Avstemming** | **Sum** |
| Netto driftsinntekter | 5 711 | *26 303* | *122 677* | 148 980 | 5 058 | -21 446 | 138 303 |
| Nettap | 0 | *5 978* | *19 176* | 25 154 | 0 | | 25 154 |
| Kraftkjøp/varekjøp | 5 428 | *0* | | 0 | 224 | | 5 651 |
| Kjøp av overføringstenester | 0 | *13 253* | *21 554* | 34 807 | 0 | -20 000 | 14 807 |
| Personalkostnader | 0 | *1 619* | *26 746* | 28 365 | 3 532 | | 31 897 |
| Avskrivingar | 0 | *2 335* | *14 070* | 16 405 | 0 | | 16 405 |
| Andre driftskostnader | 283 | *4 592* | *33 646* | 38 238 | 1 368 | -14 | 39 875 |
| Eigedomskatt | 0 | *745* | *3 598* | 4 344 | 0 | | 4 344 |
| Sum driftskostnader | 5 711 | *28 522* | *118 790* | 147 313 | 5 124 | -20 014 | 138 133 |
| Driftsresultat | 0 | *-2 219* | *3 887* | 1 667 | -66 | -1 432 | 170 |
| Avkastningsgrunnlag | | *71 914* | *421 746* | 493 659 | | | |
| Avkastning i % | | *-3,09 %* | *0,92 %* | 0,34 % | | | |

## Note 2 Driftsinntekter

| | **2022** | **2021** |
|---|---|---|
| Energisal (leveringsplikt) | 14 366 | 5 711 |
| Nettleige | 189 960 | 126 910 |
| Anna driftsinntekt | 5 424 | 5 683 |
| **Sum driftsinntekter** | **209 750** | **138 303** |

## Note 3 Nettinntekter

| | **2022** | **2021** |
|---|---|---|
| Tariffinntekt, produksjon | -4 531 | 11 241 |
| Tariffinntekt, forbruk | 125 851 | 112 399 |
| Purregebyr, byggestraum og stenging | 133 | 120 |
| Refusjon tapskostnader | 55 217 | |
| Utjevningstilskot | 0 | 6 226 |
| **Sum nettinntekter avrekna** | **176 670** | **129 987** |
| Meirinntekt | 13 290 | -3 077 |
| **Sum nettinntekter** | **189 960** | **126 910** |

Beregning av meir-/mindre inntekt:

| | **2022** | **2021** |
|---|---|---|
| Inntektsramme frå NVE | 188 301 | 120 555 |
| Endring kapitalkostnader siste 2 år | 4 852 | 4 236 |
| Kjøp av overføringstenester | -4 096 | 14 807 |
| Eigedomskatt, nett | 4 341 | 4 344 |
| Elhub-gebyr | 794 | 844 |
| KILE-kostnader | -4 426 | -17 679 |
| **Total tillatt inntekt** | **189 766** | **127 107** |
| Avrekna nettinntekter forbruk | 126 193 | 112 519 |
| Avrekna nettinntekter produksjon | -4 873 | 11 241 |
| Refusjon tapskostnader | 55 217 | |
| Statsstøtte | | 6 226 |
| Andel renter m. mer | 265 | 198 |
| **Meir (-)/mindre (+)inntekt frå årets drift** | **12 964** | **-3 077** |
| Korreksjonar frå tidlegare år | 326 | 0 |
| **Sum meir(-)/mindre(+)inntekt i året** | **13 290** | **-3 077** |
| Saldo meir(-)/mindre(+)inntekt pr.31.12 | 2 453 | -10 837 |
| Årets renter | 0 | 0 |
| **Total meir(-)/mindre(+) inntekt pr 31.12.** | **2 453** | **-10 837** |

## Note 4 Løn og andre personalkostnader

| | 2022 | 2021 |
|---|---|---|
| Løn | 29 338 | 29 339 |
| Arbeidsgjevaravgift, løn | 3 152 | 3 199 |
| Andre personalkostnader | 692 | 804 |
| **Sum personalkostnader ekskl. pensjon** | **33 182** | **33 341** |
| Pensjonskostnader inkl. arb.gj.avg. | 9 426 | 9 620 |
| **Sum personalkostnader (brutto)** | **42 609** | **42 962** |
| Aktiverte personalkostnadar | -12 730 | -11 064 |
| **Sum personalkostnadar (drift)** | **29 879** | **31 897** |

| **Ytelsar til leiande personar** | **Daglig leder** |
|---|---|
| Løn | 1 191 |
| Pensjonsutgifter | 258 |
| Anna godtgjering | 4 |
| **Sum** | 1 452 |

Ingen tilsette eller styremedlem har lån i selskapet. Selskapet har heller ingen bonusordningar eller aksjeverdibaserte godtgjersle.
Det er ikkje utbetalt honorar til styret i 2022.

Pensjonsforpliktingane i konsernet er aktuarberekna til 154 mill.kr med 100 % dekningsgrad og ei grunnlagsrente på 2,26 % (realrente).
Det er teikna ansvarsforsikring for noverande og framtidige styremeldemmar og dagleg leiar. Forsikringen dekker den sikra sitt erstatningsansvar for formueskade sikra har påført nokre i sin funksjon i selskapet som er omfatta.

## Note 5 Andre driftskostnader

| | 2022 | 2021 |
|---|---|---|
| Materiell, verktøy m.m. | 6 812 | 6 778 |
| Arbeid ved framande | 11 753 | 12 566 |
| Honorar konsulent * | 725 | 457 |
| Konserninternt tenestekjøp | 12 048 | 11 965 |
| Diverse driftskostnader | 7 620 | 6 278 |
| Eigedomskatt | 4 341 | 4 344 |
| Erstatningar | 129 | 105 |
| Tap på krav | 430 | 1 725 |
| **Sum andre driftskostnader** | **43 857** | **44 218** |

* Det er i 2022 kostnadsført kr 82 720,- i revisjonshonorar og kr 34 059,- i anna bistand frå revisor (beløp ekskl. mva).

## Note 6 Skatt

| Årets skattekostnad består av: | 2022 | 2021 |
|---|---|---|
| Betalbar skatt | 0 | 0 |
| Endring utsett skatt | 13 143 | 6 550 |
| Endring utsett skatt pga konsernbidrag | 0 | -6 996 |
| **Sum** | **13 143** | **-446** |

| Årets betalbar skatt framkjem slik: | | |
|---|---|---|
| Resultat før skatt | 59 747 | -2 025 |
| Midlertidige forskjellar | -59 743 | -29 775 |
| Motteke konsernbidrag | 0 | 31 800 |
| Permanente forskjellar | -5 | 0 |
| **Grunnlag betalbar skatt** | **0** | **0** |

Midlertidige forskjellar:

| | 31.12.2021 | 31.12.2022 | Endring |
|---|---|---|---|
| Anleggsmidlar | 109 689 | 156 978 | -47 289 |
| Kundefordringar | -1 705 | -2 218 | 513 |
| Meir- mindreinntekter | -10 837 | 2 453 | -13 290 |
| Framførbart underskot | -13 | -335 | 323 |
| **Sum** | **97 135** | **156 877** | **-59 743** |
| Utsatt skatt/skattefordel | 21 370 | 34 513 | -13 143 |

Alle midlertidige forskjellar kan utliknast og dette er gjennomført ved berekning av utsatt skatt.

## Note 7 Immaterielle eigendelar

| | 2022 | 2021 |
|---|---|---|
| Vegrett | 56 | 40 |
| **Sum immaterielle eigendelar** | **56** | **40** |

## Note 8 Varige driftsmidlar

| | Bygg | Nettanlegg | Transport-midlar | Maskiner/inventar | AUU | Sum |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Anskaffelseskost 01.01 | 19 967 | 807 443 | 28 617 | 5 625 | 14 570 | 876 223 |
| + Tilgang anleggsmidlar ila året | 0 | 47 375 | 1 871 | 1 705 | 14 309 | 65 259 |
| - Avgang anleggsmidlar ila året | 0 | 548 | 993 | 0 | 14 570 | 16 110 |
| **= Anskaffelseskost 31.12** | 19 967 | 854 270 | 29 495 | 7 330 | 14 309 | 925 372 |
| - Akkumulert avskriving 31.12 | 9 188 | 343 662 | 21 362 | 3 904 | | 378 116 |
| - Akkumulert nedskriving 31.12 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| + Akkumulerte reverseringar 31.12 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| **= Rekneskapsmessig bokført verdi 31.12** | 10 779 | 510 608 | 8 133 | 3 426 | 14 309 | 547 256 |
| - Årets avskrivingar | 369 | 15 034 | 1 613 | 287 | | 17 302 |
| - Årets nedskrivinger | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| + Årets reverserte nedskrivninger | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| **= Totale av- og nedskrivingar for året** | 369 | 15 034 | 1 613 | 287 | | 17 302 |
| Økonomisk levetid | 40-60 år | 15-67 år | 8-10 år | 5 - 30 år | | |
| Avskrivingsplan | Lineær | Lineær | Lineær | Lineær | | |
| Endringar i avskrivingsplan ila året | Nei | Nei | Nei | Nei | | |

**2021**

| | Bygg | Nettanlegg | Transport-midler | Maskiner/inventar | AUU | Sum |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Anskaffelseskost 01.01 | 19 967 | 772 675 | 28 089 | 5 189 | 3 467 | 829 388 |
| + Tilgang anleggsmidler ila året | 0 | 35 241 | 1 887 | 754 | 14 556 | 52 437 |
| - Avgang anleggsmidler ila året | 0 | 472 | 1 359 | 317 | 3 453 | 5 601 |
| **= Anskaffelseskost 31.12** | 19 967 | 807 443 | 28 617 | 5 625 | 14 570 | 876 223 |
| - Akkumulert avskrivning 31.12 | 8 819 | 329 047 | 20 671 | 3 617 | | 362 154 |
| - Akkumulert nedskrivning 31.12 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| + Akkumulerte reverseringer 31.12 | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| **= Rekneskapsmessig bokført verdi 31.12** | 11 148 | 478 396 | 7 946 | 2 008 | 14 570 | 514 069 |
| - Årets avskrivningar | 369 | 13 994 | 1 788 | 254 | | 16 405 |
| - Årets nedskrivninger | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| + Årets reverserte nedskrivninger | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| **= Totale av- og nedskrivninger for året** | 369 | 13 994 | 1 788 | 254 | | 16 405 |
| Økonomisk levetid | 40-60 år | 15-67 år | 8-10 år | 5 - 30 år | | |
| Avskrivningsplan | Lineær | Lineær | Lineær | Lineær | | |
| Endringar i avskrivningsplan ila året | Nei | Nei | Nei | Nei | | |

## Note 9 Kortsiktige krav

| | 2022 | 2021 |
|---|---|---|
| Mellombels straumstønad | 26 722 | 8 730 |
| Offentlege avgifter til gode | 0 | 5 313 |
| Motteke konsernbidrag | 0 | 31 800 |
| Mindreinntekt | 2 453 | 0 |
| Andre kortsiktige fordringar | 4 790 | 2 307 |
| **Sum kortsiktige krav** | **33 964** | **48 150** |

## Note 10 Likvide midlar

| | 2022 | 2021 |
|---|---|---|
| Kasse | 0 | 3 |
| Bankinnskot | 46 148 | 265 |
| **Sum likvide midlar** | **46 148** | **268** |

Telemark Nett er omfatta av konsernets konsernkontoordning og er solidarisk ansvarleg for morselskapets kassakreditt i Danske Bank på 60 millionar kroner. Innestående på konsernkontoordning er kr -5,6 millioner kroner per 31.12.2022.

Telemark Nett har saman med VTK AS og VTK Holding etabert skattetrekksgaranti i Danske Bank.

## Note 11 Eigenkapital

| VTK Nett AS | Aksjekapital | Overkurs | Anna innskoten eigenkapital | Anna eigenkapial | Sum |
|---|---|---|---|---|---|
| Fordeling av EK etter fisjon | 27 930 | 11 160 | 0 | 266 217 | 305 307 |
| Årets resultat 2020 | | | | -9 | -9 |
| Motteke konsernbidrag | | | 24 804 | | 24 804 |
| Årets resultat 2021 | | | | -1 570 | -1 570 |
| **Eigenkapital per 31.12.2021** | **27 930** | **11 160** | **24 804** | **264 638** | **328 531** |
| Årets resultat 2022 | | | | 46 604 | **46 604** |
| Avgitt konsernbidrag | | | -31 800 | | -31 800 |
| **Eigenkapital per 31.12.2022** | **27 930** | **11 160** | **-6 996** | **311 242** | **343 335** |

| Aksjefordeling | Antal | Pålydande | Bokført verdi |
|---|---|---|---|
| Vest-Telemark Kraftlag Holding AS | 100 000 | 279,3 | 27 930 000 |
| | 100 000 | | 27 930 000 |

Vest-Telemark Kraftlag Holding AS eig samtlege aksjar, og det er kun ei aksjeklasse.
Konsernrekneskapet kan innhentas frå Vest-Telemark Kraftlag Holding AS som har hovudkontor i Høydalsmo.

## Note 12 Langsiktig gjeld

| | 2022 | 2021 |
|---|---|---|
| Lån frå kundar (obligasjonsinnskot) | 901 | 901 |
| Lån Danske Bank | 150 000 | 150 000 |
| **Sum langsiktig gjeld** | **150 901** | **150 901** |

## Note 13 Annen kortsiktig gjeld

| | 2022 | 2021 |
|---|---|---|
| Skyldige offentlige avgifter | 10 453 | 1 062 |
| Gjeld til konsernselskap | 90 500 | 78 115 |
| Avgitt konsernbidrag | 31 800 | 0 |
| Feriepengar | 3 221 | 3 324 |
| Meirinntekt | 0 | 10 837 |
| Annan kortsiktig gjeld | 21 550 | 13 534 |
| **Sum annen kortsiktig gjeld** | **157 524** | **106 872** |

## Note 14 Pantstillelser og garantiansvar

Skattetrekksmidler er sikret med en bankgaranti frå Danske Bank på 3 millioner kroner.

## Note 15 Nærstående partar

Telemark Nett AS eiges i sin helhet av VTK Holding AS. Transaksjonar mellom Telemark Nett AS og VTK Holding AS er gjort til markedsmessige vilkår.

Transaksjonar med nærstående til Telemark Nett AS:

| Resultatlinje | Motpart | Forhold til motpart | 2022 | 2021 |
|---|---|---|---|---|
| Nettinntekter | VTK AS (SK) | Søsterselskap | -2 153 | 8 627 |
| Andre driftsinntekter | VTK AS | Søsterselskap | 9 488 | 3 650 |
| Andre driftsinntekter | VTK AS (SK) | Søsterselskap | 54 | 0 |
| Andre driftsinntekter | VTK Holding AS | Morselskap | 142 | 149 |
| Andre driftsinntekter | Telefiber AS | Tilknyttet selskap konsern | 539 | 471 |
| **Sum driftsinntekter** | | | **8 070** | **12 897** |
| Kraftkjøp | VTK AS | Søsterselskap | 0 | 24 745 |
| Andre driftskostnader | VTK AS | Søsterselskap | 451 | 597 |
| Andre driftskostnader | VTK AS (SK) | Søsterselskap | 527 | 499 |
| Andre driftskostnader | VTK Holding AS | Morselskap | 12 296 | 11 553 |
| **Sum driftskostnader** | | | **13 274** | **37 395** |
| Finanskostnader | VTK Holding AS | Morselskap | 3 054 | 54 |
| **Netto finansposter** | | | **3 054** | **53** |
| **Sum** | | | **-8 257** | **11 748** |

Driftsinntekter er i hovudsak knytt til arbeid utført for andre selskap i konsernet, samt overføringskostnader.
Driftskostnader består i hovudsak av kjøp administrasjons- og rekneskapstjenester.

Mellomværende med nærstående parter:

| Motpart | Forhold til motpart | Kunde-fordringer | Andre kortsiktige fordringer | Leverandør-gjeld | Annan kortsiktig gjeld |
|---|---|---|---|---|---|
| Vest-Telemark Kraftlag Holding AS | Morselskap | 23 | 0 | 3 090 | 3 366 |
| Vest-Telemark Kraftlag AS | Søsterselskap | 6 676 | 2 899 | 146 | 118 934 |
| Vest-Telemark Kraftlag AS (SK) | Søsterselskap | 763 | 0 | 208 | 0 |
| Telefiber AS | Tilknytta selskap konsern | 100 | 0 | 0 | 0 |

## Note 16 Hendelsar etter balansedagen

Verksemda til VTK er ikkje direkte påverka av konflikten i Ukraina då konsernets verksemd i sin heilhet går føre seg i Sør-Norge. Konflikten har imidlertid bidratt til auka kraftprisar i Sør-Norge. Som ein konsekvens av konflikten har konsernet auka fokus på sikkerhet knytt til digitale løysningar.

Det har ikkje inntrett hendelsar etter balansedagen som har vesentleg betydning for årsrekneskapet for 2022.

**Revisorteam Vest Telemark AS**

Tilsluttet Revisorteam AS

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Til generalforsamlinga i Telemark Nett AS

*Konklusjon*

Vi har revidert Telemark Nett AS sin årsrekneskap som viser eit overskot kr 46 604 059. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2022 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og noter til årsrekneskapen, og eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2022 og av resultat for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

*Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenelege som grunnlag for vår konklusjon.

*Ytterlegare informasjon*

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapet ovanfor dekker ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjon av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd oss under revisjonen av årsrekneskapet, eller om informasjonen i årsmeldinga står fram som vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga står fram som vesentleg feil. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

Basert på den kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som ein skal gje etter gjeldande lovkrav.

Statsautorisert Revisjonsselskap
Autorisert Rekneskapsførarselskap
Adresse Vinje
Åmotvegen 8, 3890 Vinje
Adresse Seljord:
Brøløsvegen 47, 3840 Seljord

Org.nr.: 968 407 880
Tlf. kontor: 35 06 27 00

Avd. kontor Seljord:
Tlf.: 35 06 27 10

Statsautorisert revisor Siv Aarmodt siv@revisorteam.no
Statsautorisert revisor Inger Noraberg inger.n@revisorteam.no
Statsautorisert revisor Tor Einar Skarprud toreinar@revisorteam.no
Statsautorisert revisor Aud Eva Vaa Sollid audeva@revisorteam.no
Statsautorisert revisor Kristine Midtbø Mo kristine@revisorteam.no
Statsautorisert revisor Elisabeth Beckmann elisabeth.b@revisorteam.no

**Revisorteam Vest Telemark AS**

Tilsluttet Revisorteam AS

*Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til fortsatt drift og opplyse om tilhøve av betyding for fortsatt drift. Føresetnaden om fortsatt drift skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

*Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen*

Vårt mål er å oppnå den tryggleik vi treng for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gje ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Den tryggleik vi treng er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjersle som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare omtale av oppgåvene og pliktene til revisor blir det vist til https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger

Seljord, 12. mai 2023

Revisorteam Vest Telemark AS

Siv Aarmodt

Siv Aarmodt
Statsautorisert revisor

Statsautorisert Revisjonsselskap
Autorisert Rekneskapsførarselskap
Adresse Vinje
Åmotvegen 8, 3890 Vinje
Adresse Seljord:
Brøløsvegen 47, 3840 Seljord

Org.nr.: 968 407 880
Tlf. kontor: 35 06 27 00

Avd. kontor Seljord:
Tlf.: 35 06 27 10

Statsautorisert revisor Siv Aarmodt siv@revisorteam.no
Statsautorisert revisor Inger Noraberg inger.n@revisorteam.no
Statsautorisert revisor Tor Einar Skarprud toreinar@revisorteam.no
Statsautorisert revisor Aud Eva Vaa Sollid audeva@revisorteam.no
Statsautorisert revisor Kristine Midtbø Mo kristine@revisorteam.no
Statsautorisert revisor Elisabeth Beckmann elisabeth.b@revisorteam.no